

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:**  
**Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

**Dokumentoversyn:**

Tal prenta vedlegg: 0

Tal uprenta vedlegg: 2

**Innspel til regjering og Storting om Marint Innovasjonsprogram (St. melding. Nr. 19 (2004-2005)).**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet ser det som positivt og viktig for kyst-Noreg at det vert etablert eit nytt marint innovasjonsprogram og at ramma for programmet vert utvida i høve til eksisterande program.
2. Vestlandsrådet vil peike på det store unytta potensialet som ligg i dei marine næringane. For å realisere dette potensialet, er det trøng for ei tung og langsigkt nasjonal satsing.
3. Vestlandsrådet vil foreslå at det vert avsett minimum 200 millionar kroner i statsbudsjettet for 2006 til eit program for marin innovasjon. Vi føreset at dette kjem i tillegg til dei ordinære midlane til Innovasjon Norge og Norges forskningsråd.
4. Tilsvarande løyvingar bør gjerast pr. år for ein 15 års periode framover. Desse må ikkje endrast i større grad frå eit år til eit anna.. Innovasjonsprogrammet må kunne rekne med stabile løyvingar i heile perioden.
5. I tillegg til å stette felles nasjonale utfordringar, må programmet ha plass til å stø opp om regionale tiltak. Ein monaleg del av midlane i programmet må derfor øyremerkast det regionale verkemiddelapparatet. Dette vil vere i tråd med intensjonane i stortingsmeldinga om at næringsutvikling skal bygge på regionale føremoner.

**Urenta vedlegg:**

- 1 Stortingsmelding nr. 19 (2004-2005), Marin næringsutvikling: Den blå åker.
- 2 Oppdrett av torsk. Plan for koordinert satsing fra SND og Norges forskningsråd 2001-2010. SND-rapport nr. 6 2003.

**Saksframstilling**

**Bakgrunn for at saka er reist:**

Næringsgruppa i Vestlandsrådet inviterte representantar frå næringa, fylkeskommunane på Vestlandet, Marin Vest si styringsgruppe samt aktørar frå verkemiddelapparatet og Akvaforsk frå Møre og Romsdal, til eit felles møte for å diskutere korleis Vestlandsrådet kan gripe fatt i utfordringa med å spele inn omfang og innretning av det nye, utvida marine innovasjonsprogrammet som står omtala i Stortingsmelding nr. 19 (2004-2005), Marin næringsutvikling: Den blå åker.

Under møtet kom det fram ei felles uro for at dette utvida nasjonale programmet ikkje vil få tilført midlar av ein slik storleik at det faktisk kan nyttast som ein effektiv reiskap for marin næringsutvikling. Ein såg dette som ei problemstilling som ikkje berre er av interesse for Vestlandet, men noko som kan løftast som eit felles krav frå kyst-Noreg. I den samanheng vart det føreslege å ta kontakt med Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Nord-Trøndelag (LU), få å få til eit samordna innspel frå desse to organisasjonane.

Kontakt vart etablert, og Vestlandsrådet og LU er einige om å fremje eit likelydande dokument og vedtak. Dette er meint som felles innspel til budsjettbehandlingane i samband endelig utforming av statsbudsjettet for 2006.

**Saka:**

I Stortingsmelding nr. 19: Den blå áker, lanserer regjeringa eit fornya og utvida program for marin innovasjon. Ein er medviten om det enorme potensialet som ligg i den marine sektoren i dag ikkje vert godt nok utvikla. Kyst-Noreg helsar dette innspelet hjarteleg velkommen, og Vestlandsrådet ser dette som eit steg på vegn for å legge til rette for ei allsidig og bærekraftig næringsutvikling i kystfylka basert på lokale og regionale ressursar.

For 2004 var det sett av 10 millionar kroner til det eksisterande marine innovasjonsprogrammet. I Stortingsmelding nr. 19 er det opna for at dette beløpet skal aukast.

Å realisere visjonane knytt til utviklinga av dei ulike marine næringane langs kysten krev eit stort nasjonalt økonomisk løft.

For å illustrerer det store udekka finansielle behovet viser vi til rapporten "Oppdrett av torsk. Plan for koordinert satsing fra SND og Norges forskningsråd 2001-2010", der det kjem fram at det er eit *årleg behov i storleiksordenen 30-50 millionar kroner over minimum 10 år* for kommersialisering av torskeoppdrett. Taleksemplet synleggjer kapitalbehovet for berre ein del av det som vil vere nedslagsfeltet for eit nasjonalt marint innovasjonsprogram. Det synleggjer vidare at utover satsinga på nye marine artar, vil summane som trengst bli svært store.

Vestlandsrådet strekar under kor viktig det er at programmet vert retta mot utvikling og utprøving av sjømatprodukt, biprodukt, nye artar i oppdrett inklusiv logistikk, teknologi og betre samhandling mot marknaden for å sikre lønsemd og verdiskaping gjennom heile verdikjeda. Like viktig som å utvikle ny næringsverksemد i form av nye arter innan oppdrett/fangsbasert havbruk og betre utnytting av lite utnytta marine ressursar m.m., er det å sikre utvikling og kvalitet på eksisterande aktivitetar. Det marine innovasjonsprogrammet krev derfor betydelege økonomiske ressursar til blant anna kompetanseoppbygging og -overføring, utviklingsarbeid, nettverksbygging, marknadsrelasjonar m.m. Det er derfor viktig at programmet får ein langsigktig tidshorisont, og at det vert tilført tilstrekkelige med ressursar.

Med tanke på alle dei uutløyste marine ressursane som Noreg har, peiker vi difor på at det er trond for at summen som skal settast av til gjennomføring av det marine innovasjonsprogrammet må vere av ein storleik som er tilpassa dei ulike utfordringane som ligg innafor marin næringsutvikling.